

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato 23.06.2022
Vår referanse 2022/21984-10
Dykkar referanse
Sakshandsamar Sigrun Wølstad
E-post Sigrun.Wolstad@vlfk.no
Telefon

Kulturminnefagleg fråsegn - Hovudvassleidning - gnr. 441, bnr. 9 Birkeland- Alver kommune

Viser til brev dagsett 30.03.2022 med ovanfor nemnde sak til fråsegn, og til vårt brev av 28.04.2022. med varsel om kulturhistorisk synfaring.

Arkeologar frå Vestland fylkeskommune gjennomførte synfaring i det gjeldande arealet 22.06.2022. Det vart ikkje påvist synlege automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg nasjonal eller regional verdi under synfaringa. Det er ikkje trong for ytterlegare arkeologiske registreringar. Vi ber likevel om at det vert teke omsyn til kulturlandskapstrekk som steingardar, bakkemurar, tufter, eldre vegfar m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader i saka i samband med kulturminne.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KII - Arealplan (Førde)

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar
KII - Arealplan (Førde)

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift